

**Notat**

Dato: 11.12.2018  
Arkivsak: 2018/16486-5  
Saksbehandlar: thoaaare

---

**Til:** Fellesnemnda

---

**Frå:** Prosjektleiar Rune Haugsdal

---

**Melding om vedtak på fylkestinget i Sogn og Fjordane, 04.12.18; Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS**

På fylkestinget i Sogn og Fjordane, 4. desember 2018, vart det handsama sak om Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS.

Det vart gjort følgjande vedtak;

«1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har til hensikt å overføre inntil 80 prosent av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane, innanfor rammene av søksmålet mot BKK og innanfor rammene av ein rettskraftig dom i saka.

Overføringa føreset at

- det vert rettskraftig avgjort at overføringa ikkje utløyser forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS
- kommunane får konsesjon frå Olje- og energidepartementet til å eige
- aksjeoverføringa ikkje får negative konsesjonsrettslege konsekvensar for Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.

2. Dersom føresetnadene i pkt. 1 vert oppfylte, vil fylkestinget

- gjere vedtak om overføring og samstundes fastsetje kor mange av fylkeskommunen sine aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS som skal overførast til kommunane i Sogn og Fjordane
- fastsetje korleis aksjane skal fordelast på kommunane og
- fastsetje når og på kva vilkår overføringa skal skje.

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen, i samråd med Sogn og Fjordane Holding AS, utarbeide utkast til aksjonæravtale og nye vedtekter for Sogn og Fjordane Holding AS for endeleg godkjenning i fylkestinget samstundes med at fylkestinget gjer vedtak om overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.

4. Fylkesutvalet får fullmakt til å syte for at generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS gjer vedtak om endringar i selskapet sine vedtekter for å førebu overføringa av aksjar til kommunane innanfor rammene av søksmålet mot BKK, mellom anna ved å opprette to aksjeklassar i selskapet.»

**Vedlegg:** Saksframstilling til fylkestingssaknr. 46/18 Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS